



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 16.08.2019
Vår ref: 19/02836-2
Deres ref: 15/2147 - 19/21083

Uttale til 1. gangs høyring og offentlig ettersyn av Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019- 2031 i Lindås kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 2. juli 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

Om planen

Føremålet med å revidera kommunedelplanen er å følgje opp strategiane i samfunnsdelen til kommuneplanen og å oppdatere arealpolitikken før kommunesamanslåinga med Meland og Radøy kommune i 2020.

Hovudtema i planprosessen er regionsenterutvikling, bustad, næring og sysselsetting, tilknytning til sjø og kystlinja, kommunikasjon og overordna infrastruktur, friluftsliv og rekreasjon, gang- og sykkel og kollektiv, sosial infrastruktur og offentlig areal, landbruk, kulturarv og miljø og klima.

Kommunedelplanen legg til rette for ny Alversund bru, gjennomføring av kyststi mellom Alversund og Knarvik, utviding av næringsareal og nytt sentrumsnært bustadareal.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.



Uttale

I følge Noregs Geologiske Undersøking (NGU)¹ finst det registrerte mineralressursar i planområdet. På Tveitøya finst ein punktregistrering av kleberstein, og ein registrering av jernmetall som kan settast i samanheng med registreringar på gården Remme på Alverstrømmen. I planområdet elles finst registreringar av kobber og jernmetal mellom Alverstrømmen og Furefjellet.

Mineralressursar er ikkje-fornybare ressursar, som berre kan takast ut der dei finst naturleg. Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging er mellom anna at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

DMF kan ikkje sjå at plandokumentane skildrar mineralressursane i planområdet, og ber kommunen skildre dei registrerte førekomstar i planlegginga av Knarvik-Alversund. DMF anmodar vidare om at kommunen gjer ei vurdering av om førekomstane bør synleggjerast med omsynssone for å hindre at dei blir bygd ned og gjord utilgjengeleg for utvinning i framtida.

Omsynssone for mineralressursar

Rundskriv «Ikrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova» datert 30. juni 2017, skildrar ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8):

«Endringen åpner for at kommunene gjennom sin planlegging kan synliggjøre mineralressurser som kan være aktuelle for fremtidig utvinning, og gi retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta denne interessen.

Hensikten er å unngå utbygging eller tiltak som kan vanskeliggjøre senere utvinning av mineralske ressurser.»

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe

Motta karar:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Kopi til:

1

http://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom.Alle_fkom?p_kommunenr=1263R&p_sprak=N